

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

post@alver.kommune.no

Dykker ref.: 19/1175 – 19/24102 (Meland kommune)
Vår ref.: 12432621

Dato: 12.02.2020

Merknader til offentleg ettersyn og høyring av områderegulering for Midtmarka og Rotemyra

BKK Nett syner til brev fra nåværende Meland kommune datert 26.11.2019 med melding om offentleg ettersyn og høyring av områderegulering for Midtmarka og Rotemyra.

BKK Nett finn grunn til å knyta nokre merknader til plankartet og reguleringsføresegnsene.

Merknader til reguleringsføresegner § 2.4.2:

I reguleringsføresegnsene § 2.4.2 heiter det m.a.:

«*Flytting av overføringslina på 132 kV skal utgjelast av netteigar og godkjennast av NVE.*»

Det kan her vera på sin plass med ei presisering av regelverket. Ettersom 132 kV kraftleidningen er bygt og vert driven i medhald av anleggskonsesjon gitt med heimel i energilova § 3-1, er denne unntaken reglane i plan- og bygningslova, jf. plan- og bygningslova § 1-3. Flytting eller kabling av denne kraftleidningen kan difor kun skje dersom det vert fatta vedtak om endring av anleggskonsesjonen. NVE fattar vedtak.

Det er BKK Nett som eigar av og innehavar av konsesjonen for kraftleidningen som må senda eventuell søknad om endring av konsesjonen. BKK Nett må oppstilla fleire vilkår for at det skal vera aktuelt å senda søknad om endring av anleggskonsesjon. Me syner her til krava som vart oppstilte i brevet vårt datert 08.05.2015 med merknader til varsel om oppstart av planarbeidet.

Merknader til reguleringsføresegner § 4.2 jf. arealplankartet:

Framlegget til reguleringsføresegner § 4.2 har tittelen «Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur». I dei føreslegne føresegnsene under dette punktet finn me likevel berre føresegner knytt til samferdsleanlegg, ingenting om teknisk infrastruktur.

Me vil i denne samanhengen peika på at det i arealplankartet ikkje ser ut til å vera sett av plass til nye nettstasjonar. Reguleringsføresegnsene nemner heller ikkje nettstasjonar. BKK Nett vil syna til det me skrev i vårt brev datert 08.05.2015 med merknader til melding om oppstart av planarbeidet. Det må setjast av naudsynt areal til fleire nye nettstasjonar i planområdet, for å kunna forsyna planlagt ny utbygging med straum.

Det er ønskjeleg at plass til nettstasjonar vert innregulert med passande føremål, for å unngå at oppføringa av nettstasjonane skal vera i konflikt med planen og fordra dispensasjonssaker. Alternativet er at det i føresegnsene vert teke inn at nettstasjonar skal kunna etablerast og innanfor kva reguleringsføremål dei kan plasserast. Det bør i føresegnsene uansett takast inn at det generelt er byggje forbod fem meter rundt nettstasjonane.

Merknader til reguleringsføresegner § 5.1.3:

BKK Nett vil be om at teksten vert erstatta med følgjande:

«Innanfor omsynssonan er det i utgangspunktet byggje forbod. I sonen må det ikkje iverksetjast tiltak som strir mot reglane i Forskrift om elektriske forsyningasanlegg, og det kan ikkje gjennomførast tiltak, herunder bygging, sprenging, graving og utfylling, utan at eigaren av anlegget har samtykka til tiltaket.»

Merknad til reguleringsføresegnene § 7.4.2:

BKK Nett meiner at reguleringsføreregna ikkje er akseptabel slik ho no er utforma.

Så lenge kraftleidningen eksisterer, må han handsamast som spenningsførande. Reglane i *Forskrift om elektriske forsyningasanlegg* er dermed gjeldande. Etter dei føreslegne føresegnene § 7.4.2 kan det gjevast mellombels bruksløyve for bygningar innanfor omsynssona for kraftleidningen når det ligg føre «eit godkjent prosjekt av linneigar for overføringslinna»

Det kan *ikkje* gjevast løyve til bygging under eller nært ved kraftleidningen så lenge kraftleidningen eksisterer. Å gi mellombels bruksløyve må vera heilt uaktuelt. Eit bruksløyve inneber at noko er bygt, og det vil difor vera i strid med Forskrift om elektriske forsyningasanlegg. Byggjestart kan heller ikkje aksepterast. Løyve til byggjestart kan først gjevast når kraftleidningen er demontert/flytta til ny trasé.

Som me har gjort greie for i merknaden til § 2.4.2, må BKK Nett søkja om endring av anleggskonsesjon og NVE må fatta vedtak om løyve til endring av anleggskonsesjon før kraftleidningen kan flyttast.

Merknader til plankartet:

Omsynssonene langs 22 kV kraftleidningane som er innteikna i plankartet, stemmer ikkje heilt med dagens situasjon. For det første er kraftleidningen som i plankartet går søraust over gnr. 1 bnr. 1 og kryssar over gang- og sykkelvegen ved E39, i 2017 erstatta av eit kabelanlegg. Omsynssona for dette spennet kan difor takast ut av plankartet. For det andre har BKK Nett ein kort kraftleidning som greinar av inn mot området til Norbetong. I plankartet må det leggjast inn omsynssone for denne leidningen. Me syner til vedlagt kart.

Behov for framføring av straumkabler

I samband med framtidig utbygging i planområdet vil BKK Nett ha behov for å framføra 22 kV straumkabler for forsyning av nye nettstasjonar i området. I utgangspunktet reknar BKK Nett med at kablar i hovudsak kan framførast i veggrunn. Me ser likevel at me vil ha behov for å leggja 22 kV sjøkabler fra Knarvik-sida og at kablar må leggjast gjennom det tronge eidet mellom VKL2 og VKL1. Kablar vil då koma gjennom arealet H570_2, og ber om at det vert opna for kabellegging.

Venleg helsing
BKK NETT AS

Jon Inge Fjellsbø
seksjonssjef

Per Ivar Tautra
spesialrådgjevar